

## Ny asfalt på Eikevegen.

23.08.2014



Frå hovudvegen og opp hit er det kome nytt dekke på Eikevegen.

**Siste veka er det lagt ny asfalt på deler av Eikevegen. Frå hovudvegen er det lagt nytt dekke på 300-400 meter opp mot svingen eit stykke nedanfor bustaden til Margit og Bjørgulv Eik. Arbeidet som er gjort, er delvis planlagt vedlikehaldsarbeid, og delvis eit resultat av skadane vegen vart påført i uveret tidlegare i år.**

Etter opplysningar vi har fått, er dette første arbeidet av fleire vedlikehaldsarbeid som skal gjerast på kommunale vegar her i bygda i tida framover. Det er kjærkome, for behovet for vedlikehald er stort fleire stader. Ikkje minst av trafiksikringsomsyn er det viktig at dette vert gjort.

Vi kjem tilbake til dette etter som arbeidet på dei ulike prosjekta kjem i gang.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.